

Informasjon

HYRDINGRØYSTA

NR. 3/2020

OKTOBER

Grunnlagt 1938 - 81. årgang



Ha ein fin haust!

Frå redaksjonen

Vi har vore gjennom eit svært spesielt halvår, eit halvår prega av eit virus, ein usynleg, men farleg fiende. Ein fiende som har koste dyrt på mange vis og som har prega alt samfunnsliv.

Også livet i kyrkjelyden har vore prega av viruset med stengde kyrkjer for gudstenester i lang tid og utsette konfirmasjonar. Kyrkje-ne har opna att, med det har vore, og er, restriksjonar på kor mange som kan samlast i kyrkjene enten det gjeld gudsteneste, gravferd eller andre kyrklege arrangement. Hovudregelen er no 200 menneske og ein meters avstand, noko som mellom anna har ført til at det har vore avgrensingar på kor mange familiemedlemmer konfirmantane har kunna ha med seg i kyrkja.

Men trass i alskens smittevernreglar, så har livet i kyrkja gått sin gang etter at det vart opna opp i juni og konfirmasjonane som var utsette i mai, er avvikla. Gudstenestene har gått som normalt sidan i sommar og gravferder har blitt gjennomførde heile tida. Men trass i at livet i kyrkja har normalisert seg, på eit vis, så bli det sjølvsgåt utfordringar og meirarbeid når smittevernreglane skal følgjast. Det er såleis all mogeleg grunn til å rose prestar, kyrkjekontor og sokneråd for løsingsorientert og kreativ tankegang i ei vanskeleg tid. Det vi no må håpe på er at vi her i Jølster framleis kan berge oss frå alvorlege utbrot av koronaviruset. Når det gjeld akkurat dette, har vi alle eit ansvar for å ta smittevernreglane på alvor og gjere vårt til at viruset held seg unna.

Vi er inne i den tida då naturen førebur seg på vinteren. Gulnande lier og til tider klar haustluft gjev bod om at ei ny årstid er på veg. I tidlegare tider var det potetene som skulle i hus på den tid. Det skulle slaktast og matlager for vinteren skulle byggast opp. I våre dagar er det smått med potetdyrkning, men sauene skal framleis sankast ned frå fjellet og storfe skal heim og i hus. Det skal Utelivet i hagar og på terrassar er stort sett slutt for i år og blir avløyst av innesyslar og fyr i omnen. Hausten er ofte tida då kulturlivet blomstrar i ymse former, med konserter og litteraturarrangement. Også



kyrkja har tradisjon for å ha kulturarrangement og slik vart det også i år, trass i koronasituasjonen.

Jazzfestivalen fekk også i år på plass eit arrangement i ei av kyrkjene, nemleg i Ålhuskyrka. Det blir også eit litteraturarrangement i same kyrkje i november, noko vi har omtale av inne i bladet. At kyrkja på denne måten opnar dørene for andre arrangement enn dei reint kyrklege, er positivt og vitnar om at kyrkja tek rolla som folkekirkje på alvor.

Kyrkja i Jølster er også definert som grøn kyrkje og har såleis teke på seg eit visst ansvar for å ta vare på Skaparverket. Inne i bladet vil leserane finne ein tekst om akkurat Skaparverket, dette fantastiske og utrulege verket som omgir oss på alle kantar og som vi alle er avhengige av for å overleve, og som vi alle er ein del av. På fine haustdagar syner det seg frå si beste side når haustfarane sprakar og speglar seg i Jølstravatnet.

Sjølv om gule lauv fell mot bakken og trea snart står mørke og nakne, så veit vi at det kjem ein ny vår med nye lauv og nytt liv. Når så langt lid får vi håpe at samfunnet er i ferd med å normalisere seg og at viruset som har prega oss, kanskje er under kontroll. Det har så langt synt oss at skaparverket slår tilbake når vi menneske tuklar med det.

La koronapandemien vere ei påminning om at vi menneske blir små når naturen viser musklar.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

① 479 79 115
 Ope tysdag 9-15
 Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.
post.jolster@sunnfjordkyrkja.no
www.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

① 57828180
 E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrklege fellesråd:
Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:
Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:
Astrid Aardalsbakke Feldt

① 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale
 ① 473 99 492
silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9–15
 ① 57 72 85 06
toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkleverje

Inger Hageberg Øvrebo

① 416 94 472
 Kontortid etter avtale

Ass.kyrkleverje
Trond Herlosund

① 489 58 086
trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.
 ① 902 39 173
carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

① 99127430
rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no
 Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale
 ① 489 58 165
ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

① 97 64 90 16
 epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei:

① 959 48 849

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

Gled dykk alltid i Herren!

Kvar tysdag formiddag er det open kyrkjå med tidebøn og kaffi på Vassenden kyrkjesenter. Denne hausten vil vi lese gjennom Paulus brev til filipparane på desse tidebønene; eit lite avsnitt kvar gong. Paulus brev til filipparene har berre fire kapittel, så om du ynskjer å lese ei heil bok i Bibelen i samanheng ein kveld, er dette brevet fullt overkommeleg.

Tekst: SILJE SØREBØ

Paulus skreiv brevet til filipparane medan han sat i fengsel på grunn av si tru og si forkyning av Kristus. På den tida var kristendommen enno ikkje ein anerkjend religion i Romarriket. Medan han skreiv brevet visste Paulus ikkje om han kom til å bli dømt til døden eller om han kom til å få leve. Likevel er ordet «glede» nemnt mange ganger i brevet. Paulus skriv for å oppmuntre kyrkjelyden i Filippi og dele gleda i trua på Kristus med dei. Han skriv blant anna: Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk! (Fil 4,4)

Det kan høyrest så altfor enkelt og overflaktisk ut, denne oppmodinga frå Paulus. Kven kan vere glad alltid? Det finst nok av smerte, bekymring og urett i verda til at gleda i blant druknar i alt dette. Men var det ein som kjen-

te inderleg godt til livet sine mørkare sider, så var det vel Paulus, han som vart torturert og fengsla for trua si. Han kjente til både svolt, smerte og bekymring. Korleis kunne han då skrive: Gled dykk alltid i Herren?

Eg trur kanskje at nøkkelordet for å forstå kva Paulus skriv om, er det vesle ordet takk. For vidare i teksten skriv Paulus: Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk! [...] Herren er nær. Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. (Fil 4, 4-6)

Den gleda som Paulus skriv om er noko anna enn ei overflatisk lykkekjensle. Eg trur at gleda han skriv om minner meir om ei djup takksemad: Takksemad over ein godleik i tilværet som ikkje er sjølvsagt. Takksemad over at det finst ein Gud som vi kan gå til med all smerte, all uro og alle bekymringar som vi ber med oss. Takksemad over at alt godt, kvar ny morgon, menneske og natur som omgir oss, er gitt oss som ei gave frå ein Gud som elskar oss. Takksemad over at vi får eige trua og håpet om at Jesus er nær og omgjev oss med sin kjærleik både gjennom det lysaste og det mørkaste.

No er det haust og tida for å sanke og hauste av grøda som natur og åkrar gir. I

kyrkja er det tid for hausnakkefest der vi takkar for alle gode gaver som Gud gir. Måtte denne hausten bli ei tid for takksemad og glede i hjartet, slik Paulus skriv om, trass uro og bekymringar som vi kan kjenne på. For eg trur det er slik at om vi ser på livet som sjølvsagt, blir vi blind for alle små og store under. Men om ser på livet og menneska rundt oss med takksemad, då får vi auga opp for undera, og vi får lyst å ta vare på, hegne om og elske det skaparverket som Gud gir oss i sin godleik.

Salme for hausnakkefest, nr 253 i salmeboka:

*Syng ein song or hjartans grunn!
Lova Gud med mål og munn!
Alt av liv held han ved lag,
gåver gjev han dag for dag.
Difor takk for brød på bord,
takk for trøysta av hans ord,
Takk for heimen vår på jord!*

*Så har Gud skapt heimsens ring
Her er fullt av gode ting:
Gras og grode gror det her,
bær og frukter hagen ber.
Dyr og fisk og fuglar får*

HYRDINGRØYSTA


kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon. Ein giro på kr 250,- vert send ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Bjørg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem før jul.



Kva gjer du for å ta vare på skaparverket, spør Knut Osvoll. Illustrasjonsfoto frå Jølster.

Dei sju dagane, om skapingssoga

Den skapingssoga vi les i 1.Mosebok er ikkje meint for oss som lever i dag. Den er gjeven til folk som levde for fleire tusen år sidan.

Tekst: KNUT OSVOLL
Foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Dei som fekk denne soga, kunne ikkje lese, eller skrive, kunne ikkje telje så langt heller. Men i denne forteljinga fekk dei vite at det var Gud som var skaparen, og dei fekk vite gangen i skapinga.

Pedagogisk meisterstykke

I dag veit vi at denne forteljinga ikkje er heilt rett. Vitskapsmennene seier at skapinga av himmel og jord tok til for 13 milliard år sidan. Det er 13 tusen millionar år,-altså mykke lengre tid enn det Bibelen seier. Kan vi likevel lite på Bibelen? Jau, det kan vi. Dei første kapitla i Bibelen er likningar som fortel om menneska sitt forhold til Gud. Bibelen er ikkje historisk korrekt før Abra-

ham tek ut frå Kaldea og reiser til Kanaan.

Skapingssoga er eit pedagogisk meisterstykke. Den fortel å ein grei måte korleis gud skapte himmel og jord. Den er stort sett ganske rett slik vi ser det også i dag. Men når du les den må du heile tida hugse på at dette er ei forteljing som er gjeven til dei menneska som levde for fleire tusen år sidan.

Sju bolkar

Forteljinga er delt inn i sju bolkar. Den skal vere lett å hugse og lett å fortelje vidare. Forteljinga gjekk nok frå far til son i mange generasjonar før den vart skriven ned. Dei første seks bokane fortel om gangen i skapinga fram til at menneska vart skapte den sjette dagen. I 1.Mos.1:27 står det slik: «Så skapte Gud mennesket i sitt bilete, I Guds bilete skapte han dei, til mann og kvinne skapte ha dei»

Den sjuande dagen kvilte Gud og helga han. Slik gav Gud men-

neska ein kviledag. Kvar sjuande dag skulle også menneska kvile. Dei skulle vere fri for unødig arbeid. Dagen skulle brukast til bøn, tilbeding og kvile, og til å gjere godt mot kvarandre.

Ikkje nokon annan religion eller kultur har ei skapingsforteljing som er så rett som denne som vi finn i Bibelen. Det viktigaste i forteljinga er at det er Gud som er skaparen. Det er Gud som har skapt himmel og jord og det som lever her.

Men sjølv om skapingsforteljinga i Bibelen ikkje stemmer heit med det som veit i dag, har den likevel betydning for oss som lever no.

Tre moment

For det første: Gud er skaparen.

For det andre: Forteljinga er nokolunde rett. Ikkje nokon annan religion, -eller kultur, har ei skapingsforteljing som er så rett som den vi finn i Bibelen.

For det tredje: Med skapingsforteljinga fekk vi ein kviledag.

Kvar sjuande dag skal vi kvile. Gud lyste dagen heila. Då skal vi kvile frå arbeidet. Vi skal bruke den tilprise og takke Gud og gjere godt mot kvarandre.

Til sist, men ikkje minst; Kvifor skapte Gud himmel og jord?? Hadde han det ikkje bra opp i himmelen? Og så skapte han dette kaoset her. Eit kaos som vart så gale at han måtte ofre sin eigen son opp i det heile?

Ja, her er mykje å tenke over. Korleis brukar vi kviledagen vår? Brukar du den til det Gud meinste du skal bruke den til? -eller stressar du den bort i andre aktivitetar? Og korleis er det med skaparverket som vi skal passe på? Er du med og tek vare på det? Eller er du ein som ureinar det som Gud skapte? Det som han tykte var godt?

– Kva gjer du for å ta vare på skaparverket?

TV-aksjonen 2020 med digitale bøsser

Det blir ingen dør-til-dør-aksjon for TV-aksjonen i år. Som resten av verda er også TV-aksjonen prega av koronaen. Målet er likevel å nå ut til alle i heile Noreg.

Tekst: TV-AKSJONEN

På grunn av den svært spesielle situasjonen som Noreg og heile verda er i, blir TV-aksjonen i år ein innsamlingsaksjon der ein bruker digitale løysningar. Meir om det mot slutten av artikkel.

Tema for 2020:

Kampen mot plast i havet

I år er det WWF, Verdas naturfond, som er mottakar av TV-aksjonen. Dei innsamla pengane skal gå til å kjempa mot plast i havet; der plastproblemets er størst. Dei fire landa i Sør-aust-Asia; Vietnam, Filippinene, Indonesia og Thailand, står for ein tredel av plastutsleppa i verdas hav. Berre ein prosent av plasten i havet flyt på overflata, rundt fem prosent av plasten ligg på strandene, medan om lag 94 prosent av plasten er under overflata og på havbotnen.

No er havet truga. Kvart år hamnar 8 millionar tonn plast i havet. Det betyr at om lag 15 tonn plast hamnar i havet – kvart minutt. Det kan vera vanskeleg å forestilla seg kor mykje dette faktisk er, men prøv å sjå føre deg ein lastebil som dumpar plastsøppel i havet kvart einaste minutt; døgnet rundt, heile året.



Dumpa rett i naturen: Dei innsamla pengane i år skal gå til å hindra slike bilete som dette. Land i Sør-aust-Asia manglar system for å handtera dei store plast- og søppelmengdene som no blir dumpa rett ut i naturen. TV-aksjonen er innsamlingsaksjon, men også informasjons- og haldningskampanje. Til beste for heile verda. (Foto: Rafa Elias/Getty Images)

Tema som engasjerer

- Dette er eit tema som engasjerer lokalt og globalt, seier Marthe Jansen, fylkesaksjonsleiar for Vestland. – Det å plukka søppel i nærmiljøet er ein god innsats for miljøet; for dyre- og menneskelivet. Men skal me klara å få slutt på dei store utsleppa må me få etablert god handtering av avfallet; rett og slett hindra at det blir dumpa i elvar og forureinar land og hav.

Kva er ein digital bøsseberar?
Det er ein annan stor dugnad som alle i Noreg deltek i for tida; hindring av spreieing av korona-smitte. Dette betyr at TV-aksjonen i år må vera kreativ; finna på andre måtar å nå

fram til alle som ønskjer å støtta det gode føremålet. Ved å bruka digital bøsser kan absolutt alle delta som bøsseberarar. Du kan registrere deg som bøsseberarar på www.blimed.no fra midten av september, og sitja i di eiga stova og utfordra familie, venner, naboar, bedrifter eller andre til å bli med på din spleis eller vippse inn til aksjonen. Kanskje kan barnebarn hjelpe den eldre generasjonen med dei nye digitale verktøya. Generasjonsmøte er alltid positivt! Det er mange moglegheiter. I tida framover vil det koma mykje meir informasjon og kreative løysingar du kan bli inspirert av.

Alle er velkomne til å delta!

Kvar einaste haust, sidan 1974, har innbyggjarane i Noreg stått saman og støtta opp om TV-aksjonen. Det er ein tradisjon som gjer verda betre. År etter år samlar, engasjerer og rører TV-aksjonen heile nasjonen. Det skaper eit unikt samhald. 18. oktober er den store dagen, som også vil samla folk framfor TV-skjermen – som alltid før.

Ein søndag i året står vi saman, løfter i flokk og skaper noko som er større enn oss sjølve. Vi ønskjer alle med på laget. Meld deg som digital bøsseberar på www.blimed.no

Kyrkjesyss

Treng du skyss til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874
Knut Osvoll tlf. 911 90 709
Turid Høyvik tlf. 472 48 832
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552
Bjørg Dvergsdal tlf. 476 66 812

Larssok på Larstunstøylen

Vert det gudsteneste på Larstunstøylen om ei veke uansett vær? Sterk i trua svara Silje: Ja, men det vert fint vær!

Tekst: STEINAR DVERGSDAL
Foto: BJØRG DVERGSDAL

Og seinsommardagen 8. august varta opp med det mest strålande været over Eikåsgrenda. Frå Larstunstøylen hadde kyrkjelyden panorautsikt innover Jølstravatnet. Fjella stod kring med skarpe silhuettar mot den blå himmelen i den klåre lufta.

Fjelltrim

Dei siste åra har det vore planlagt friluftsgudsteneste på ein av fjelltrimpistane. I år var det Larstunstøylen som var peika ut. Det er støylen til Anders Eikås og Jorunn Hope. For å komme dit køyrer ein til saga deira, og parkerer der. Dette er ei stor og nyttig bygdesag. Her kan lokale tre verte til bord og plankar av alle slag. Justert og høvla om du vil. Frå saga er det å følgje dei velkjende raude prikkane langs traktorvegen til støylen. Dåpsgudstenesta gjekk føre seg framfor dei velhaldne støyshusa. Anders let hardingfeletonane fløyme over støyrvollen og dåpsbarnet. Den som vart ført inn i kyrkjelyden på denne særegne måten var Birk Støfring Hoff.

Radikale tankar

Forkynnaren Silje Sørebø minnte om Meisteren sjølv, der ho tala til folket frå ein Stein under open himmel. Nett slik Jesus gjore langs Genesaretsjøen i Galilea for 2.000 år sidan. Her spreidde han den radikale og revolusjonerande læra si. Elsk dine fiendar, snu det andre kinnet til, fjern bjelken i ditt eige auge før du bryr deg om flisa



Utsikta frå støylen er framifrå. Foto: Bjørg Dvergsdal

hos den andre, forvalt ditt pund, hjelp dei trengande, set nestekjærleiken over byråkratiske tuleregler. Bodskapen stod i skarp motsetnad til romersk krigs- og herskeheroisme. Og i kontrast til regeltru og dommande prestar og skriftlærde. Jesus, «kongen», sjokkerte med å ta inn hos horer og uærlege tollarar. Så radikalt at romarmakta og dei kristne autoritetane ikkje kunne tillate dette å halde fram.

Laurentius

I teksten for denne dagen tok Jesus til seg den uærlege tolla-

ren Levi. Det kritiserte farisearane og dei skriftlærde. Jesus gav det kontante svaret. «Det er ikkje dei friske som treng lege, men dei som har det vondt.»

Gudstenesta på Larstunstøylen fall saman med det gamle Larssok. På primstaven er Larssok knytt til martyren Laurentius, og merka av med det som kan sjå ut som ei stor grillrist. Det gav Silje høve til å fortelje soga eller segna om Laurentius. Den romerske keisaren hadde bestemt seg for å ta livet av paven i år 252. Paven sa til Laurentius at når det skjedde, skulle

han dele ut alt kyrkjegodset til fattige og trengande. Paven vart teken av dage. Når så keisaren kom og skulle ha kyrkjegodset, svara Laurentius at det var spreidd over hele riket og at han trengde tre dagar på å samle det saman. Laurentius gjore som paven hadde bedd han om. Deretter samla han ei stor flokk av fattige, spedalske og andre trengande. Når keisaren kom og skulle hente kyrkjeverdiane, slo Laurentius ut med armen, peika på forsamlinga og sa, her er rikdomane dine. Keisaren vart rasande, og bestemte at Laurentius skulle li ein pinefull død. Han vart lagd på ei rist over eit bål. Segna seier at han lukkeleg over å ha gjort ei god gjerning, smilte og sa før han døydde, «no kan de snu meg, eg er ferdigsteikt på den sida.»

Kva vi kan lære av desse to forkynnarane, den lokale og han ved Genesaretsjøen. Ja, at vi skal gjere gode gjerningar. Men må vi også innsjå at vi då i nokre høve må trosse lover, autoritar og overmakt



Det var Birk Støfring Hoff som vart døpt denne dagen. Foto: Steinar Dvergsdal

Sjå i nåde til oss

Forfattarsamtale i Ålhus kyrkje fredag 13. november.

Tekst: JANNE KARIN STØYLEN

I livet slår lagnaden vilkårlaust fylge. Forfattarane Olaug Nilssen og Laura Djupvik utforskar tilhøva både for eigevert og for tillit til kvarandre, når dagane krev meir enn vi maktar. I romanen «Yt etter evne, få etter behov» (Nilssen) og novellesamlinga «No fær huset» (Djupvik) peikar forfattarane mot at nåden finst, i det gode vi strever mot å gjere for kvarandre.

Gjennom samtale og lesing reflekterer dei over korleis slike innsikter også er drivkrefter i skrivinga, og over korleis litteraturan kan vere med å løyse litt i flokane, både for den som les og den som skriv.



Laura Djupvik er journalist og forfattar med mange bokutgjevingar bak seg.



Olaug Nilssen frå Forde er ute med ny roman.

Programleiar er sokneprest Silje Sørebo. Ei overrasking og to er i vente undervegs. Eit lite hint ligg i at publikum vert oppmøda om å pusse støv av gamalt tensing og

kor-reperoar merka med «Bjørn Eidsvåg» i tida framover mot arrangementet.

Nytt frå sokneråda i Jølster

Sjølv om det er blitt ny kommune, så er soknegrensene som før. Jølster har to sokn og to sokneråd og dei to råda møtest ofte til felles møte.

På slike fellesmøte tek dei opp saker som er felles for, eller har interesse for begge sokna. Her blir det også drøfta innspel over for Sunnfjord kyrkjelege Fellesråd.

Klokksituasjonen

På fellesmøtet i august var stoda når det gjeld klokkarane oppe til diskusjon.

I Helgheim sokn er det slik at klokkar gjerninga blir utførd på dugnad. I dag er det Karen Elise Erikstad og Maria Sture som deler på oppgåva. Det er ynskje om fleire å spørje og det er teke kontakt med Solunn Dvergsdal som har sagt seg viljig til å prøve. I tillegg kan Hildegunn Huus ta noko om det trengst.

I Ålhus sokn er klokkaren løna på timebasis, medan Marta Fimreite og Gerd Smaadal stiller på dugnad etter behov.

Synfaring på kyrkjene

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd er i gang med synfaring av kyrkjene i kommunen og kyrkjene i Jølster vart vurderte i september.



Solunn Dvergsdal skal prøve seg som klokkar i Helgheim kyrkje.

Det er også ønskjeleg med ein varebil til bruk for kyrkja og kyrkjeverjet i Sunnfjord har fått fullmakt til å hente inn pris.

Når det gjeld dette med feste av graver eldre enn 60 år, så er den saka utsett inn til vidare.

Ny liturgi og musikk

På felles soknerådsmøte i slutten av septem-

ber var det oppe ei sak om lokal grunnordning for kyrkja. Dei to sokneråda i Jølster gjorde vedtak om felles ordning, inklusive den liturgiske musikken. Det vart også vedteke å søkje om forkorta nattverd ved familiegudstenester. Den nye ordninga blir teken i bruk frå første gudsteneste i 2021.

Det blir soknemøte om liturgien i Ålhus 11. oktober og i Helgheim 8. november.

- Ungane gjev oss energi og



Åse Britt Øygard (t.v.) er ny leiar for speidargruppa, men har lang fartstid som leiar på lågare nivå. Mona Årdalsbakke tok over hovudansvaret i 2012 og leverte stafettspinnen til Åse Britt i sommar. Dei to har ein stor og aktiv flokk å halde styr på.

Jølster KFUM/KFUK speidar, eller speidaren som er det vanlege namnet, feirar 25-års jubileum neste år og har blitt ein viktig institusjon på Skei og grendene rundt.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Med stort og smått har speidargruppa over 100 medlemmer, eit tal som har vore rimeleg stabilt sidan starten i 1996.

Langvarig leiarskap

Ei speidargruppe, som alle andre frivillige organisasjonar, treng gode leirarar for å fungere. Slik sett har speidaren på Skei vore heldig. Nyleg møtte vi to som har 20 års fartstid som leirarar på ulike nivå i speidaren. Mona Årdalsbakke gjekk i sommar av som hovudleiar og vart erstatta av Åse Britt Øygard.

gard. Mona hadde då vore hovudleiar sidan 2012, då dåverande leiar, Ragnar Simonsen, døydde. Men ho har hatt leiaransvar i 20 år på lågare nivå. Sameleis er det med Åse Britt som har vore nestleiar i gruppa sidan 2012 og har hatt andre leiaroppgåver sidan 2001. Mona er framleis med på leiarar sida og begge har planar om å halde det gåande ei stund til.

— Vi har ikkje sett nokon slutt dato, smiler Mona, og Åse Britt nikkar.

Korleis skulle det gå?

Då Ragnar Simonsen døydde, sto speidargruppa tilbake utan den energiske og dyktige leiaren som hadde kontroll på det meste.

— Vi var spente på korleis det det skulle gå vidare då Ragnar døydde, men han hadde lagt alt så godt til rette at det var relativt enkelt, fortel Mona som var nestleiar då ho plutselig måtte ta over leiaransvaret.

— Spørsmålet vi stilte oss var om det framleis ville bli speidar. Men speidarane var opptekne av at vi måtte halde fram, og slik vart det, seier ho.

Tidkrevjande verv

Begge speidarleiarane er klare på at det tek ein del tid å administrere ei slik gruppe.

— Det har nok gått ein del timer, ja og berre det å førebu eit slikt møte som i kveld, tek fort åtte timer, seier Åse Britt om samlinga der alle aldersgrupper var med, og 75 speidalar pluss leiatar og roverar var samla. Det var såleis litt av ein gjeng dei skulle halde styr på og aktivisere. Men begge var samde om at det går med ein del tid når ein skal drive med frivillig arbeid.

— Eg hadde nok ikkje drive med dette om det ikkje var for at ungane er så ivrige. Det gjev meg energi i staden for å tappe meg for energi, slår Åse Britt fast.

styrke



Åse Britt Øygard (t.v.) og Mona Årdalsbakke har begge lang fartstid som speidarleiarar, men har ingen planar om å gje seg.

Samfunnspunkt

Skal det frivillige arbeidet fungere i eit lokalsamfunn, trengs det leiarar som er villige til å ta eit tak for fellesskapet. Akkurat det har dei to speidarleiarane skjønt og dei raskt med å peike på kva som driv dei.

– Det er ei samfunnspunkt å gjøre sitt for at det skal bli ei god bygd å bu i og eg ser på speidaren som viktig førebyggande arbeid, forklarar Åse Britt, medan Mona peikar på at heile familien har vore med gjennom åra og at det såleis har vore lettare for ho å vere leiar. Men ho kunne tenkt seg at dei hadde fått inn nokre yngre leiarar, noko ho håpar og trur vil ordne seg.

Elles er begge opptekne av å peike på at bygda støttar opp om speidaren, at foreldra er flinke til å stille opp, og at ungane som har vore med har blitt forma til kjekk og flink ungdom gjennom tida i speidaren der samarbeid og problemløsing er viktige tema.

– Vi har som motto at vi får til det vi vil og at vi må yte for å nyte, får vi høre frå Åse Britt.

Mange aktivitetar

Speidaren har mange og varierte aktivitetar og dei to leiarane ramsar opp handbok, kanopadling, motorsagkurs, miniatyrskyting, klatring og no i det siste også golf.

– Ungane opplever meistring på mange område utan å konkurrere, seier dei to leiarane, men dei legg heller ikkje skjul på at det gjennom tjue år også har vore utfordringar og grublingar.

– Alle er ikkje like, og slik er det berre. Enkelte år er meir utfordrande enn andre, men det går stort sett veldig bra, er dei to damene samde om. Når det gjeld medlemsstalet, så er det no 90 pluss 11 aspirantar og elevelet på skulen er bestemmande for kor mange dei til ei kvar tid er.

– *Må de drive rekruttering, eller kjem dei av seg sjolv?*

– Nei, vi slepp det. Så snart dei er ti år, kjem dei, får vi høre.

Mange minne

– Vi har opplevd mykje, er noko av svaret når vi spør om kva dei hugsar best etter 20

år som speidarleiarar, men dei kan også konkretisere.

– Når vi er på landsleir og har besøk av utanlandske grupper, så er det kjekt å sjå glede som våre speidrarar viser når dei får hjelpe utlendingane gjennom tolking og andre ting, smiler Mona, medan Åse Britt peikar på roa rundt leirbålet og begge peikar på samarbeidet som vart synt på ein kretsleir rett etter at Ragnar Simonsen døydde. Det blir også fortalt om venskapsgruppe i Ungarn og om trivelege Europa-turar med buss.

– Og så har vi blitt kjende med mange kjekke barn og foreldre, avsluttar dei to leiarane som har lagt ned mykje godt arbeid for barn og unge gjennom mange år, og som har tenkt å halde fram med det.

**GJESTESKRIBENTEN:**

Hyrdingrøysta startar i dette nummeret ei ny spalte, ein tumepllass for dei med skriveklø og for dei som brenn for noko.

I denne spalten vil vi oppfordre jølstringar om skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmøde skriben-

tar om å melde seg, vil vi også utfordre nokre vi trur kan vere med på å gje liv til denne spalten.

Først ute er AINA GAMBORG som tek føre seg omgrepene mat-auk.

Alt har si tid



Sjølvdyrka gulrøter frå Vie andelslandbruk.



Det er kjekt å sanke kantarell i «sopptember».



Grønsakåkrar på Vie.

September er her, eller Sopptember som eg likar å kalle denne første haustmånaden. Årsaka ligg i namnet og ein personleg trøng til å hauste av alt det naturen byr på. Dagen i dag har gått med til å tråle gamal bjørkeskog på jakt etter skogens gull: kantarenell.

Tekst og foto: AINA GAMBORG (Mat-auk entusiast)

Når ein går slik og tuslar rundt i skogen får ein god tid til å fundere over skaparverket, og kva fantastiske ressursar som står tilgjengelege for oss, både dyr og menneske. Då er det og veldig å sjå alle dei flotte bæra som står og ventar på at einkvan skal ta dei med seg heim, men som aldri vert plukka.

Matauk

Etter å ha brukt tallause timer til sanking dei siste åra har eg endå til gode å gå på nokon som er ute i same ærend. Visst er det fleire sankarar i området, men det er likevel eit teikn på at det er god plass til fleire.

Matauk var i tidlegare tider heilt nødvendig for at ein skulle ha nok mat gjennom vinteren. Svigerfar min fortalte ofte om

minner frå sin barndom då heile familien reiste på søndagstur, frå byen og ut på landet (han var oppvachsen i Oslo). Målet var å plukke litervis med blåbær, tyttebær og sopp. Så gjekk dei neste dagane med til å foredle det dei hadde plukka, og slik at ein hadde glede av det heilt fram mot neste sesong.

I våre dagar har dei fleste av oss pengar til å kjøpe den maten vi treng, og behovet for å hauste naturen sine råvarer har på ein måte falle bort. Nokon andre gjer arbeidet for oss, og med det mistar vi kunnskap, og ikkje minste gleda av å følgje maten frå jord til bord. Eg tør påstå at gleda ved å servere heimelaga blåbærssyltetøy til pannekakene er større enn om ein har kjøpt syltetøyet i butikken.



Gjesteskribent Aina Gamborg.

vudet. Det vart også ein vekkar for mange når det gjaldt mat og matforsyning. Når grensene vart stengde, og flya stod på bakken, kjende vi alle på ei uro i forhold til forsyning av varer. Brått vakkna interessa for å dyrke sin egen mat, og Mo jordbrukskule vart utselde for settepøteter etter fire timer, mot fleire veker som er normale. Frøsalet gjekk til himmels, og denne seinsommaren har det vore tallause biletate i sosiale media, av stolte førstegongs-dyrkarar.

Under krigen vart matjorda noko av det viktigaste for folk flest. Det vart ein stor auke i dyrking, og folk i byane leide ein jordlapp hos ein bonde på landet, også kalla parsellar. Der dyrka familiene først og fremst poteter, men og ulike andre grønsaker.

I våre dagar har vi framleis parsellhagar, men den aukande interessa for mat og matauk har og gjeve oss ein ny skapning: andelslandbruk. Andelslandbruk har hatt ein enorm vekst

Likevel ser vi heldigvis ei endring. Foreløpig heng vår tids matauk meir saman med val av livsstil. Fleire og fleire vert opptekne av kvar maten kjem frå, og kva behandling den har vore utsett for før denendar på matbordet. Samstundes har vi klimautfordringane som etter kvart har gjort oss meir bevisste på kva val som er miljøvenlege.

2020 vil bli ståande i verdshistoria som det året då pandemien Korona sette heile verda på ho-

dei siste åra, og no er det over 4000 nordmenn som kallar seg andelsbonde. Det fungerer slik at ein bonde inviterer folk til å kjøpe ein andel i produksjonen, og andelshavarane forpliktar seg til å ta del i arbeidet ved garde, gjennom heile sesongen.

Eg er sjølv andelsbonde på Vie andelslandbruk i Førde, og har stor glede av det. Sesongen startar med oppal av planter i mars, utplanting i mai og alle reie i juni kan vi hauste dei første grønsakene. I høgsesongen haustar vi ei stor kasse, fylt med ulike grønsaker, kvar veke, og det er så mykje at det vert til glede for både min familie, vener og naboar.

Minst like viktig trur eg det er å vere i kontakt med jorda, og oppleve skaparkrafta på nært hold. Det er fantastisk å setje ei potet i jorda og ta opp ti, at eit bitte lite frø vert til ein stor hovudkål, og sjå korleis gulrota vert krøllete, fordi det låg ein stein i veggen når den skulle strekkje seg ut under jorda.

Å ta vare på jorda er vår viktigaste oppgåve, og ved å dyrke jorda er ein med på å betre ein liten del av verda.

Hausten er den tida då naturen verkeleg syner si generøse side, anten det er i skogen eller på jordet til bonden. Men års tida har og eit vemod i seg og den minner oss om at alt har si tid. Likevel - når kveldane vert mørke, og dagane vert kalde, er det godt å hugse på at det snart kjem ein ny vår.

*«Alt har si faste tid,
alt som bender
under himmelen, har si tid:
ei tid til å fodast,
ei tid til å døy
ei tid til å planta,
ei til å riva opp»*

Forkynnaren 3, 1-2

To konfirmantar deler sine tankar og opplevelingar kring ei annleis konfirmasjonstid:

Å vere konfiant under korona

Det har vore ei spesiell tid å vere konfiant i år. Den 12.mars vart landet stengt ned, og den 13.mars skulle vi eigentleg ha vore på leir på Allværa.

Eg trur dei fleste konfirmantane i landet har gått glipp av mange fine opplevelinger. Det har vore svært kjekt å vere konfiant i Jølster, og vi rakk både nattcup, pilegrimsferd og klubbkveldar med leik og moro før landet vart stengt ned.

Gjekk glipp av fellesskapet

Konfirmasjonsdatoane vart endra fra mai til september. Gudstenestene blei endra til å bli «drive in» og fjelltur, og på nett la prestane ut små andakter. Det var litt spesielt å få vere med på «drive in» gudsteneste på parkeringsplassen på Jølstraholmen 17. mai. Konfirmantåret vart annleis. Mot slutten av konfirmasjonstida gjekk vi glipp av fellesskapet vi kunne skapt på leir, i samtalegudstenesta og på konfiantfesten. Sjølv konfirmasjonsdagen vart flott i Åhus kyrkje. Litt rart å berre vere 5 konfirmantar i kyrkja, men det vart ei fin stund. Sidan mykje vart noko annleis enn det vi trudde då konfirmasjonstida tok til trur eg dei aller fleste av oss



Johnanne Stofring tykkjer bo gjekk glipp av fellesskapet under konfiantforebuina.

som har vore konfirmantar dette året vil hugse konfirmasjonstida, når vi som eldre sit og mimrar.

Det eg syns om å vere konfiant i korona tidene

Eg er litt usikker, for eg veit ikkje heilt korleis det hadde vore om det ikkje var korona.

Tekst: CHRISTINE FLØLO NYDAL, foto privat

Men det var litt dumt at det ikkje vart konfiantleir eller konfiantfest. Og det var ganske dumt at ikkje alle kunne komme i kyrkja på konfirmasjonen.

Kjekt i kyrkja

August i fjar, veka før skulen begynte tok konfirmasjonstida

til. Det var då fire dagar vi konfirmantane var samla, der alle konfirmantane gjekk på tur.

Største forskjellen var at vi ikkje var meir samla med Vassenden.

Etter 12. mars har det ikkje vore noko samlingar, men vi har hatt ein til ein samtale med Carsten.

Det var kjekt i kyrkja på konfirmasjonsdagen, og eg hugsa mykje, men det eg kjem til å hugse som dumt, var at eg datt på veg opp til alterringen.



Christine Flølo Nydal tykkjer det er dumt at ikkje alle som ville kunne komme i kyrkja på konfirmasjonsdagen.



I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilet av deg sjølv.)

Møte med eit dikt



Denne gongen er det **Svein Årdalsbakke** som presenterer eit dikt han er glad i.

Lyrikk er ikkje det eg har lese mest av opp gjennom, men nokre dikt som eg har hørt bit seg fastare enn andre. Olav H Hauge er i so måte ein diktar som treff meg betre enn mange andre. Vedlagde dikt har fleire djupner i seg og kan passe i mange samanhengar.

Eg kan ofte kjenne meg igjen i denne draumen og vil difor dele dette diktet med lesarane.

*Svein Årdalsbakke har valgt
seg Olav H. Hauge*

Ein plass+ for alle

Born og unge i kyrkja i Jølster

Vi inviterer til desse trusopplæringssamlingane for born og ungdom til hausten.
Nokre gongar er det påmelding.

17. oktober: Samlingar for 4-åringar: kl. 10.00 på Vassenden kyrkjesenter og kl. 13.00 på Skei misjonshus

18. oktober: Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok kl. 11.00 i Helgheim kyrkje og kl. 14.00 på Vassenden kyrkjesenter

28. oktober. Onsdag: Samling for 6-åringar i Helgheim sokn på Skei misjonshus

08. november: Familiegudsteneste med utdeling av 6-årsbok i Helgheim kyrkje

08. november: Kl. 17.00: Trygg til natta-gudsteneste på Vassenden kyrkjesenter for 2- og 3-åringar

14.-15. november: Lys vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter for 5.- og 6.-klassingar

25. november: Onsdag: Samling for 6-åringar i Ålhus sokn på Vassenden kyrkjesenter

29. november: 1. sundag i advent: Familiegudsteneste med utdeling av 6-årsbok på Vassenden kyrkjesenter

Av kontinuerlege tilbod for barn og ungdom har vi:

- Torsdagsklubb på Vassenden kyrkjesenter kl.17.30 (annakvar torsdag i pardalsveker)
- Babysong på Vassenden kyrkjesenter kl. 11.30 (annakvar torsdag i pardalsveker)
- Torsdagsklubb på Skei misjonshus kl.17.30 (annakvar torsdag i pardalsveker)
- Søndagsskule i Stardalen
- Speidargruppe på Skei onsdagar på Skei misjonshus
- Klubbkveldar på Vassenden kyrkjesenter for konfirmantar og oppover

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.


Hjarteleg velkommen!

Det er den draumen

Av Olav H. Hauge

*Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje –
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.*

KONKURRANSE



Denne får vinnaren av konkurransen

- 1: Såg de ein feil i sommarnummeret av Hyrdingrøysta?
- 2: Kvar bur den nye prosten i Sunnfjord?
- 3: Kor lenge har Reidar Knapstad vore Prost i Sunnfjord?
- 4: Når vart kyrkja på Vassenden vigsla?
- 5: Kven bygde Helgheimskyrkja?
- 6: Kva for ein biskop har vore sokneprest i Jølster?
- 7: Når byrja ein å ringe inn helga no i koronatida?
- 8: Kor mange bada under påskeplasken i år?
- 9: Kva heiter den islandske forfattaren som las frå ei av bækene sine i prestegarden i fjar?
- 10: Kva heiter munken som var på besøk i Jølster i fjar og kva for munkeorden høyrer han til?
- 11: Kor gammal er Ålhus kyrkje?
- 12: Kva heiter leiaren for Sunnfjord kyrkjeloge fellesråd?
- 13: Kva heiter soknerådsleiaren i Sunnfjord?
- 14: Kven gav pengar til dei nye glasa i Helgheim kyrkje?
- 15: Kven var den første redaktøren av Hyrdingrøysta.

Send svara til halldve@frisurf.no. Det vankar premie til vinnaren.



KONFIRMANTAR I HELGHEIM

Første rekke frå venstre:
Prest Carsten Langeland,
Guro Erikstad, Ina Bruland Åmot,
Christine Flølo Nydal
Sondre Mundal Viken

Andre rekke frå venstre:
Thea Flatjord Sunde, Kamilla Kjosnes,
Kristian Hillestad Sunde
Gaute Kjosnes

Tredje rekke frå venstre:
Madelan Husetuft Flatjord,
Magnus Klakegg
Kristoffer Berntsen Espedal,
Håkon Mallesvik
Krister Elias Vaulen Urheim,
Helene Klakegg.

Fotograf Helle.



KONFIRMANTAR I ÅLHUS

Første rekke frå venstre:
Håvard Andreas Håheim, Timo Dohm,
Maria Farsund Aalhus, Nora Rognbakke Svidal,
Ingrid Kristine Opheim Grønfur, Linnea Midttun,
Jenny Ramona Hauge, Håvard Aaroen Taklo,
Sigve Kjosnes, Prest Carsten Langeland.

Andre rekke frå venstre:
Oliver Tennebø Myrbø, Kristian Svoen Aasen,
Mari Kolrud Årseth, Eskild Eikås,
Tobias Fossheim Lykkebo, Frida Eikefjord Holen,
Simon Venjum Solheim, Troy Andre Fleten.

Tredje rekke frå venstre:
Sofie Reite-Bjellaas, Tine Skovro,
Aurora Steinarsdotter Årdal,
Birk Gravdal Indrebo, Andreas Vie,
Stina Kjos Sunde, Jakob Slætten,
Andreas Stensaker Brandal, Kristoffer Sandal.

Fotograf Helle.

Heimatt ein tur til jul

Ålhus kyrkje 18.12.20 kl 20.00

Dei aller fleste av oss kjenner på det å ta ein tur heimatt til jul. Til dei du er glad i , huset der du feira jul som liten, der lukta av jul var heilt spesiell. Der spenninga til kva som var under treet gjorde til at du ikkje klarde å ete. Der fjøslukta på julafta var blanda med den spesielle lukta av nypna sursild ... Heimatt

Så i år tenkte eg at no vil eg heimatt i Ålhus kyrkja ein tur før jul. Heimatt å finne julestemning og for å gje deg julestemning. Eg er så heldig å ha med meg Helene Myklemyr som tonefølge.

Ønskje vårt denne kvelden er at du skal kome som du er , setje deg ned å kjenne at både ro, fred og ikkje minst julestemninga kjem sigande. Vi lovar å gjere vårt for at denne kvelden skal bli

ein god kveld. Vi har kun 42 billettar til salgs . Dette pga covid 19.

Har du lyst å være ilag med oss denne kveldsøkta? Send meg ei mld 99322804 eller ring meg så ordnar eg billett til deg .

Pris 200,-
Vi gler oss

Hege & Helene



SPAR

NETTBUTIKK

Alltid same pris
på nett som i butikk**Ottar Dvergsdal AS**

MASKINENTREPENØR

952 00 433

**coop
marked**

COOP MARKED VASSENDEN

Måndag-fredag: 8–20

Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00

vassenden@marked.coop.no

nordfjord SKIFER

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

Naturstein av høg kvalitet

Tlf. 57 82 70 30 | fjordan.no | eirik@fjordan.no

**Ivar A.
Sunde**
ENTREPRENØR
%

6847 Vassenden

Eikås Frisør

EVA AARSETH

Tlf. 57 72 75 88

Hytter, bobilplasser, båter, kajakker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no**EIN SMAK AV TRADISJON**

frå Anne Grete og Hilde

Søgne sand • 6843 Skei

Tlf. 951 10 688 / 948 97 236

ROALD SUNDE

Maskinentrepreneur - Sentral godkjenning

Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK**JØLSTER**
BYGG OG INTERIØR

Tlf. 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

VI HANDLAR FOR DEG!Bestill på nettbutikk.spar.noHent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.

skei@audhild-viken.no

Tlf. 57 72 81 25

JØLSTER RØR ASTlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823**coop
marked**

COOP MARKED SKEI

Måndag-fredag: 8–21

Laurdag: 9–18

Tlf: 57 72 83 77

skei@marked.coop.no

VESTLAND
ELEKTRO OG RØRAvd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no**Fjordamat Tunet**

- kurs og oppleveling

Støfringsdal | Tlf. 951 46 531 | fjordamattunet.no

**Jølster Bil AS**

www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

Åsen & Øvreliid as

Tlf. 57 72 38 50

På hengande håret frisør

Bente Elin Helgeheim Årseth, Årsetvegen 8

Tlf.: 95 00 93 93

**ALF HELGHEIM & CO AS**

6843 Skei i Jølster

Tlf. 57 72 83 11

post@alfhelgheim.no



FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss

Jostein Sunde As

jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleie

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

Kyrkja er vår heim



Helgheim kyrkje



Ålhush kyrkje



Vassenden kyrkjesenter

OKTOBER

OKTOBER

19. søndag i treeiningstida – Søndag 11.10

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

Gudsteneste i høve Jazz på Jølst. Roald Kleiveland deltek på saksofon. Songinnslag ved David E. Antonsen. Nattverd. Soknemøte i høve revidert gudstenesteordning etter gudstenesta.

20. søndag i treeiningstida – Søndag 18.10

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.14:00

Familiegudstenester – utdeling av 4-års boka.

DESEMBER

2. søndag i adventstida – 06.12.20

FØRDE GRENDAHUS KL.11:00

Gudsteneste

3. søndag i adventstida – 12.12.20

ÅLHUS KYRKJE KL.11:00

Gudsteneste med nattverd

Julaftan 24.12

HELGHEIM KYRKJE kl.14:00

Familiegudsteneste

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.16:00

Familiegudsteneste

Juledag 25.12

HELGHEIM KYRKJE kl.12:00

Høgtidsgudsteneste

Nyårsaften

ÅLHUS KYRKJE kl. 23:15

Midnattsgudsteneste

NOVEMBER

Helgemessøndag 01.11

ÅLHUS kyrkje kl.11:00

HELGHEIM kyrkje kl.14:00.

Minnegudstenester.

Vi minnast dei som er gravlagde sidan sist Helgemesse.

Nattverd

23. søndag i treeiningstida – Søndag 08.11

HELGHEIM kyrkje kl.11:00

Familiegudsteneste, utdeling av 6-års bok

Soknemøte i høve revidert gudstenesteordning etter gudstenesta.

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.17:00

«Trygg til natta»- gudsteneste

24. søndag i treeiningstida – Søndag 15.11

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

Familiegudsteneste- Lys våken.

Nattverd.

1. søndag i adventstida – 29.11

VASSENDEN KYRKJESENTER- kl 11:00

Utdeling av 6-års bok

HELGHEIM KYRKJE- kl.20:00 lysmesse, konfirmantar og speidarar deltek.

REVIDERT GUDSTENESTEORDNING

På kyrkjemøtet i 2019 vart det vedteke revidert liturgi for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja. Dei lokale sokneråda skal no revidere den lokale gudstenesteordninga i trå med den nye liturgien, noko som mellom anna inneber at sokneråda må velje kva melodiar som skal nyttast på dei liturgiske ledda (kyrieleddet, glorialeddet, og nattverdsledda). Den reviderte gudstenesteliturgien skal leggast fram på eit opent soknemøte før den blir sendt inn til biskopen. Det blir soknemøte i Ålhus sokn søndag 11. oktober etter gudstenesta på Vassenden og i Helgheim sokn søndag 8. nov etter gudstenesta i Helgheim kyrkje.

Døypt



HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

20.06.20 Olai Årdal Klakegg

04.07.20 Samuel Kvalheim Sunde

04.07.20 Malva Kvalheim Sunde

05.07.20 Elisa Erdal Sunde

16.08.20 Hannah Tefre Åmot

ÅLHUS SOKN

Eikås

21.06.20 Ellen Aurelia Anti-Flaten

Vassenden kyrkjesenter

04.07.20 Emily Anita Liaskar Aarsæther

Ålhus kyrkje

05.07.20 Edvard Årdalsbakke

Larstunstolen

09.08.20 Birk Støfring Hoff

Døypt i Helgheim kyrkje

30.08.20 Sofie Hereid Sunde

Gravlagde



HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

23.07.20 Arne Kjøsnes

15.09.20 Aslaug Vindheim

ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter

05.06.20 Petra Dalberg



50-ÅRS KONFIRMANTAR ÅLHUS f.v.: Wenche Gjesdal Fristad, Ole John Østenstad, Otto Svortstøl, Laila Svalheim Kristiansen, Reidar Norvald Svidal, Mathilde Ålhus, Berit Eikås Huseklepp, Eli Sissel Slætten. Framme har vi neste års konfirmandar. F.v.: Isak Støfring, Kjetil Helgheim Torpe, Martinus Årdal Øvrebo og Ruben Gravdal Nedrebo.



50-ÅRS KONFIRMANTAR I HELGHEIM Framme f.v. : Bjørg Sægrov Storlykken, Åse Årdal, Kjellaug Helgheim Dvergsdal, Laila(Fugle) Helset, Signy Sægrov, Petra Bolset, Anny Flatjord. 2. rekkje f.v.Liv Årdalsbakke Bruland, Ingunn Veiteberg, Aslaug Huus , Carsten Langeland, Ragnar Åmot, Kjetil Bjørset. 3. rekkje f.v.:Arne Ove Klakegg, Kjell Heggheim, Knut Dvergsdal, Osvald Håheim. Bakerste rekkje: Bjørn Fonn, Lidvar Sunde, Nils Bjarte Årdal.